

Møtereferat

FAU-møte 12.11.2025 kl 19.30-21.00



Stad: Øyra skule, Miniauditoriet 3.etasje

Møteleiar: Kirsti Gaudestad

Sekretær: Tarjei Vågstøl

Til stades:

Klasse	Klassekontakt	Klasse	Klassekontakt
1A	Helge Mjånes	1B	Ingrid Marie Strand
2A	Beate Krøvel Humberset	2B	Andreas G. Johnsen
3A	Hanna Kristine Aaland, Eivind Martinsen	3B	Eivor Finset Spilling, Ellen Synnes
4A	Håvard Gråbak	4B	Siri Solheim, Tarjei Johannessen Vågstøl
5A	Paul Ottar Ternes	5B	Erik Nedreberg
6A	Terje Skrede	6B	Kirsti Gaudestad, Berit Nygaard
7A	Ingeborg Rørvik	7B	Heidi Øglænd
Øvrige			

Sak	Saksnamn og referat	Oppfølging
1	Orienteringar Oppvekstsjef Per-Ivar Kongsvik orienterte knytt til valdshending på leirskule, og arbeidet vidare med å skapa eit trygt og godt skulemiljø.	

Oppvekst
www.volda.kommune.no

Postadresse: Stormyra 2, 6100 Volda
E-post: postmottak@volda.kommune.no

Telefon 70 05 87 00
Org.nr: 939 760 946

	Rektor Else Lill Riise orienterte om at skulen ønskjer ein gapahuk ved elva, og bad FAU om å ta leiinga i arbeidet med å få reist og finansiert ei slik.	
2	Kort orientering frå arbeidsgrupper - Høyring SFO vedtekter Arbeidsgruppa sett ned på førre møte utforma ei høyringssvar om dei nye vedtekene saman med FAU på Bratteberg (tilgjengeleg i Spond (delt 26.10.2025), og i postlistatil Volda kommune, dokid 2025/18460). Dei nye SFO-vedtekene vart vedtekne i TOK (“Tenesteutval for opplæring og kultur” i Volda kommune) 12.11; sannsynlegvis vert dei vedtekne i kommunestyret.	
	- Økonomibudsjettet og forventa kutt Heidi Øglænd (FAU-AU) orienterte. Arbeidsgruppa utarbeidde ei fråsegn etter kommuneadministrasjonen sitt framlegg til budsjett. Dette vart lagt ut til FAU i Spond (08.11.2025) og sendt til formannskapet til møtet 11.11 (tilgjengeleg i postlista til Volda kommune, dokid 2025/19391). Framlegget tok særleg opp reduksjon i talet på kontaktlærarar, miljørettleiarar og merkantilt personale, og problematiserte konsekvensane av nedlegging av Dalsfjord skule.	Formannskapet legg fram si innstilling til budsjett for kommunestyret 25.11, og kommunestyret vedtek endeleg budsjett 18.12 Arbeidsgruppa følgjer opp saka.
	- KI i Voldaskulen Det vart sett ned ei arbeidsgruppe på førre møte, men nemnda har ikkje gjort mykje. Ein ekstra forelder har meldt seg som deltakar i gruppa.	
	- Gå-til-skulen-aksjonen Aksjon vart godt gjennomført med vakter og utdeling av refleksar. Aksjonen var tydeleg, men usikkert kva effekt han hadde. Framleis er det mange som køyrer ungane til skulen, og studentane ved HVO bidreg til ekstra biltrafikk.	

	- 17.mai Noko diskusjon på Spond i etterkant av møtet, med fleire foreldre om er interesserte. Førebels ikkje noko møte med kommunen.	Nemnda held fram arbeidet og diskusjonane.
	- Organisasjonsnummer, bedriftskonto og moglegheit for å søke ulike tilskot - Leikeområdet på Øyra skule Jf. orientering frå rektor (sak 1). Skulen ønskjer at FAU tek initiativet til å setja opp ein gapahuk på leikeområdet til Øyra, og tek ansvaret for å søkja støtte til eit slikt prosjekt (td. Sparebank-fonda) og ta kontakt med andre instansar som kan vera med på eit slikt prosjekt (Grendalaget, tømrrarlinja på Ørsta vgs). Det vart problematisert at dette er eit stort prosjekt, som både krev pengar, organisering og aktiv deltaking frå Øyra skule når det gjeld utforming av gapahuken. Dette krev aktiv dialog med skulen.	FAU opprettar ei foreining som kan få org-nummer, og dimed bankkonto og bedrifts-Vipps. FAU-AU har ansvaret vidare, mellom anna for å utforma vedtekter for FAU-Øyra-stiftinga. FAU-AU og "leikeområde-gruppa" får ansvaret for å følgja opp Gapahuk-saka.
	- Valdshending på leirskule Kristi Gaudestad orienterte. I etterkant av ei valdshending tidleg i haust tok FAU kontakt med skulen med spørsmål om korleis dei arbeider for å tryggja skulemiljøet for elevane på Øyra (Postlista for Volda kommune, dokid 2025/17785). Skulen svara på desse spørsmåla (Postlista for Volda kommune, dokid 2025/17786), og det har i etterkant vore møte med skulen og oppvekstsjefen. Både brevet til skulen og svaret er tilgjengeleg i Spond.	
	- Vedlikehalde digital rettleiar, handbok for foreldrekontakter og nettside	Arbeidsgruppa diskuterer med kommunen korleis dette skal gjerast.

	Kort orientering. Desse dokumenta er førebels ganske ferske, og det er lite behov for å oppdatera dei enno. Informasjon om foreldrekontaktar for kvart trinn må likevel oppdaterast.	
	- Klasseinndeling i 1. og 5.klasse. Ingen hadde meld seg på førre møte for å arbeida med saka.	Saka vert sett på vent inntil vidare, særleg til vi ser om budsjettvedtaket vil få følgjer for klassene på Øyra.
3	Utarbeide retningslinjer for handtering av saker i FAU. - Arbeidsgrupper vs forankring i FAU og/eller FAU-styret. - Bruk av spond, google disk	I haust har arbeidsgruppene lagt ut brev og fråsegner til høyring i Spond før dei vert sende, medan meir konkrete arbeidsoppgåver har vorte gjennomførte utan grundig "høyring". Denne praksisen kan halda fram.
4	Innmelde spørsmål: - behov for kjøleskap til matpakkar på SFO Dersom SFO skal tilby elevane å oppbevara matpakker i kjøleskap, treng dei tre kjøleskap.	FAU har ikkje høve til å bidra med dette no.
	- dugnad på skuleområdet Tarjei Vågstøl (FAU-AU) informerte om at vi har sagt oss villige til å ha dugnad for å sikra røyret på uteområdet med fallsand. Pga årstida bør dette venta til våren er nærare. Det vart påpeikt i diskusjonen at ingenting er så frustrerande som ein dugnad med for lite å gjera, så dugnaden bør kanskje vera avgrensa til ein eller få klassar.	FAU-AU følgjer opp saka.
5	Eventuelt - Mange elevar på kanten ved symjetrening	

	Det vart teke opp at det er eit problem i nokre klasser at mange elevar "gløymer" badekle, og vert sitjande på kanten under symjeopplæringa. Foreldra ønskjer informasjon frå skulen når dette skjer, og gjerne at dei som ikkje har badekle, får alternativt opplegg.	
	- Skøyteis No kjem frosten, og det er råd å leggja skeiseis på nedsida av Øyra.	Klassekontaktar for 2. klasse får kontaktinformasjon slik at dei kan organisera islegginga.